



Skilt med raud topp markerer brannkum.

**På strekninga Korsnes til Eikebrua ligg det fleire skilt som er rivne ned eller har falle ned. Dette gjeld mindre anvisningsskilt og skilt som markerer brannkum. På Døslandssido ved Djupehølen ligg også eit skilt. Skilta har lege slik i nokre år og er delvis overgrodde i dag.**

Uskedalen.no har meldt frå om nedfalne skilt. Nyleg tilsett brannsjef i Kvinnherad, Atle Ljosdal, er takksam for slik kontakt og bed alle melda frå om nedfalne skilt som markerer brannkummar. Mindre skilt som markerer vegnummer og avstanden til næraste sentrum sorterer under Statens Vegvesen der MESTA har det operative ansvaret. Namneskiltet Døslandssido ved avkøyrsla til Døsland har vore borte nokre år. Det er det kommunen som skal sjå til at vegnamna er på plass.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dette er anvisningsskilt med vegnummer og avstand til næraste sentrum. Slike nedfalte skilt finn vi på Korsneset, før Eikebrua og ved Djupehølen.